

Sterk reaksjon på høg husleige i bufellesskap

02.02.2011



Det er sterke reaksjonar på husleiga i desse bustadane (Foto: Kristian Hus)

Ei husleige på 7.000 kroner i månaden uten straum for 44 kvadratmeter er truleg den høgaste i Kvinnherad. Den er langt over alle andre utleigeobjekt som kommunen har. Det påpeikar uskedelingen Jostein Saghaug som reagerer sterkt på den høge husleiga i eit bufellesskap på Husnes. Han er far til ein av ungdommane som har fått tildelt bustad i bufellesskapet, opplyser HusnesNett.



Uskedal-far meiner i underkant av 4.500 ville vera korrekt husleige (Foto: Kristian Hus)

Politikar Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp) har engasjert seg i saka og torsdag tar ho den opp i kommunestyret - i ein interpellasjon til ordføraren. Saghaug var i går innkalt til eit møte for pårørande og der vart det opplyst at kommunen har valt å låna mellom 5,2 og 5,5 millionar meir enn dei verkelege, reelle utgiftene til byggeprosjektet. Det opplever han som eit budsjettkrumspring.

Uskedelingen opplyser at det høge lånebeløpet er innarbeidd i

i kalkylen og dermed må dei funksjonshemma ungdommane betala renter og avdrag for lånet i 40 år. Han meiner det er heilt urimeleg for eit husvære med ein slik standard.

Saghaug meiner og at vedlikehaldskostnadene som er lagt inn i kalkylen er langt høgare enn behovet framover. Standarden på bustadane er svært moderat. Dei har også ein dårleg planløyising, til dømes må ein gå gjennom soverommet for å koma inn på badet.

Etter Saghaug sine egne kalkylar burde korrekt husleige vera i underkant av 4.500 kroner. Bebruarane vart førespegla ein leigepris på ca. 5000 kroner.

Husvera er heller ikkje møblerte.

Bebuarane vil få bustøtte men den er svært ulik. Dei føresette har bedt om å få kjøpa bustadane men kommunen har sagt nei til det.

Av Kristian Hus og Ola Matti Mathisen